



**Plan for
Trusopplæring og Diakoni
i
Øygarden prestegjeld
Blomvåg sokn
og Hjelme sokn
"Øygardskyrkjelydane"**

2010-2014

Utgåve av 03.01.10

Innhald:

Emne	Side
Føreord	3-4
Målsetjing	5
Særskilt om dåpsforpliktinga	5-6
Om arbeidsmåtane	7
Før og etter dåpen	7
0-3 år	8
T-dagar:	9-16
4-5 år	9
6-9 år	9
10-12 år	10
13-15 år	10
Særskilt om konfirmasjonstida	10
16-18 år	16
Arbeidsmåtar ved Vigsel og for heimane	16
Arbeidsmåtar ved Sorg og dødsfall	16
Leirarbeid	17
Familiemesse/Familiegudsteneste	18
Det kristne barne-og ungdomsarbeidet	19
Plan for samarbeid barnehage/skule–kyrkje	20
Samarbeidet Øygarden Prestegjeld – Norsk Luthersk Misjonssamband	20
Leiarrekrytering/-opplæring	21
Særskilt om diakoni	22-28
Folketalet i kyrkjelydane	28
Samanliknande statistikk	28b
Tillegg, del II: Diverse faldalarar, skjema og reglement.	
Klassisk dåpsopplæringsmateriell, Litteratur til refleksjon over dåpen si gáve og forplikting.	

Føreord

Plan for Trusopplæring i Den norske kyrkja har lagt opp til at det vert utarbeidd planar som er tilpassa den einskilde lokale kyrkjelyd.

Øygarden Prestegjeld, med sokna Blomvåg og Hjelme, "Øygardskyrkjelydane", har vedteke Dåpsopplæringsplan (2000), Plan for Konfirmasjonstida(2002), og Plan for Diakoni(2000). Dåpsopplæringsplanen vart justert i 2005. I Fellesrådssak 06/06 vart det vedteke å slå saman gjeldande Dåpsopplærings-, Diakoni, Konfirmasjons-og Vaksenopplæringsutval til nytt Trusopplæringsutval. Dette har ikkje vore aktivt, men Trusopplæringsutval er no oppnemnd på nytt i FR-sak 28/09 og er identisk med Hjelme og Blomvåg Sokneråd. Ut frå denne omorganiseringa er **ein** plan, ein ny **Trusopplæringsplan** for desse områda aktuell.

I Visitasmeldinga 2006 vart det sagt: "Diakonien erutan tvil prestegjeldet sitt svake punkt." Denne sakavt vart òg drøfta på sammøtet mellom kyrkja og kommunen under visitasen 13.-17.september dette året.

Særleg tok Hjelme Sokneråd opp den diakonale utfordringa, og deira møtereferat 110107 er ein viktig inspirasjon for den nye planen.

I soknerådssak i begge sokn(020/ og 021/08)vart det uttrykt ønske om revitalisering av diakoniplan og diakoniutal, og at det skal utarbeidast ein felles diakoniplan med dei kristne organisasjonane i Øygarden, og få til et sams møte med dei. Paralellt har gått prosessen om samarbeid med kristne organisasjonar som tok til med fellesmøte om samarbeid barne- og ungdomsarbeid mellom dei kyrklelege råda, iM og NLM 070103(FR-sak 22/03). Eit viktig møte i same prosessen var seinare "Saman i kamp for Guds Rike i Øygarden" der representantar for stab og råd møtte dei same organisasjonane på krinsplan. Eit offentleg møte med deltaking frå prestegjeldet og NLM vart halde i Hjelme kyrkje 22.februar 2009, og konsentrerte seg i stor grad om diakonien.

Ein annan viktig premiss for den settinga ny plan står i kjem frå Blomvåg Sokneråd. Eit døme er soknerådssakene 016/ og 021/04: Musikk i kyrkjelyden... Etter mykje førebuing, m.a. eit møte med 40 medarbeidarar 29.04.2008 gjorde òg Blomvåg SR vedtak(034/08) om Strategiplan for sitt sokn: "Blomvåg kyrkjelyd skal vere eit inkluderande fellesskap! Her skal fokusa vere ei klar forkynning for liv og kvar dag, song og musikk, tenester og oppgåver for alle, og meiningsfulle møter mellom menneska." Særleg retta dei fokus på song og musikk i gudstenesta.(Attgjeve i del II)

Når det gjeld gudstenesta er det gjort eit stort nybrotsarbeid sidan 2004, som er gjort greie for i sams Soknerådssak 04/09, der "Den Store Lovsangen" er vedteke som Gudstenesteliturgi for Prestegjeldet. Dette prosjektet vil gå vidare særleg retta mot born og ungdom.

Det er òg viktig å halde denne nye planen saman med Rettleiingane om dåp og andre kyrklelege handlingar som er kome frå Soknepresten og som er publiserte på

kyrkja.net¹. Same gjeld faldarane Vigsel-og Gravferd i Øygarden og "Kva vil det seja å svara JA! på dåpsspørsmålet."

Til Advent 2009 ligg så dette utkastet til ny Plan for Trusopplæring og Diakoni for Øygarden Prestegjeld føre etter stor dugnadsinnsats i kyrkjestaben, med sikte på handsaming i Hjelme og Blomvåg Sokneråd 8.desember 2009.

I Øygarden Prestegjeld har me lagt vekt på å laga ein plan der me utanom arbeidet til den offisielle kyrkja med gudstenester, møtepunkt og fasar ser alt det eksisterande barne- og ungdomsarbeid i kyrkje og organisasjonar som ein viktig del av trusopplæringa. Me ønskjer å samarbeida med søndagsskular og barne- og ungdomslag/-grupper, barnehagane og skulane. I tillegg kjem den trusopplæringa som går føre seg i heimane heile året igjennom. Me ynskjer å hjelpe til med oppstart av nye tiltak i kyrkjelydane våre der me finn manglar – geografiske eller aldersmessige.

Arbeidsmåtane 0-18 år er delte inn etter alder, med innføring av T-dagar og leirar(innhaldet i desse skal vere utforma etter lokal mal) eige kapittel om Konfirmantåret. Etter 18 år fokuserer me på tema, som arbeidet for ekteskap, heimane, og dei sørgjande. Så kjem oversikt over Familiemesser/Familiegudstenester, T-dagar, og -leirar, plan for samarbeidet barnehage/skulekyrkje, og plan for leiarrekuttering/-opplæring. Til sist fokuserer me på diakonien.

På vegner av prestegjeldet og dei to kyrkjelydane har Kyrkjelydspedagogen hovudansvaret for å leia trusopplæringa – i samvirke med soknepresten og dei kyrkjelege råda, i samråd med teamet og dei andre tilsette, i lojalitet mot Skrift og Vedkjenning og klassisk kristen tradisjon. For diakonien gjeld ein liknande modell: Diakoniarbeidaren har hovudansvaret – i samvirke med soknepresten og dei kyrkjelege råda, og i samråd med dei andre tilsette, i lojalitet mot Skrift og Vedkjenning og klassisk kristen tradisjon. Målsetjinga har vore å laga ein plan som skal gje flest mogleg av borna og dei unge, men også alle vi har ansvar for i Øygarden Prestegjeld høve til ikkje bare å koma til Den Tre-Eine Gud for Jesu Kristi Skuld i dåpens sakrament, men også slik at dei vert verande i trua når dei veks opp, og ein gong kan nå det kristne håpet i Himmelten.

"Soknerådet godkjenner den reviderte planen som grunnlag for vidare justering av plan for Trusopplæring og Diakoni."..." Malen for tilsvarande plan frå Olsvik bør danna grunnlag for ein enklare og meir oversiktleg framstilling av planen til Øygarden Prestegjeld."

Rong, 8. desember 2009
Hjelme og Blomvåg Sokneråd
(Trusopplæringsutvaleti Øygarden Prestegjeld, Blomvåg sokn og Hjelme sokn)
Øygarden Kyrkjelege Fellesråd
Soknepresten i Øygarden

¹ Rettleiing ved Dåp
Rettleiing ved Skriftemål
Rettleiing ved Konfirmasjon
Rettleiing ved Nattverd
Rettleiing ved Sjukesalving
Rettleiing ved Vigsel
Rettleiing ved Gravferd

Målsetjing

«Saman med denne kyrkjelyden og heile vår kyrkje får de del i eit heilagt ansvar: å be for borna, læra dei sjølve å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og Herrens nattverd for at dei kan verta verande hjå Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen vert sameinte med Han.»

Slik lyder dåpsforpliktinga i kyrkjene vår kvar gong me tek imot borna til dåp i Namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande. Foreldre og fadre tek på seg eit stort ansvar når dei ber fram borna sine til dåpen. Men dette ansvaret har óg vi som er kyrkjelydar i Øygarden. Det er då viktig å få til eit gjensidig samarbeid for barnet.

I dåpsboden kallar Jesus oss til å gjera alle folkeslag til læresveinane hans «**med di de døyper dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, og lærer dei å halda alt det som eg har bode dykk,**» Matt 28,18-20.

Dåp og opplæring høyrer altså nøyne saman, slik òg dåpen heng saman med trua, Mark 16.16. Først når dåpen vert teke imot og halde fast i trua, vert dåpen til frelse for oss. Denne trua er ei Guds gav som vert skapt og får næring ved Guds Ord og Den Heilage Nattverden(Eukaristien). Alle døypte vert difor kalla til å leva med i kyrkjelyden sitt gudstenestefellesskap. Det er foreldra og kyrkjelyden si sams forplikting å leggja tilhøva til rette for at dette kan skje.

Målet vårt er at det einskilde mennesket skal møta Jesus Kristus som sann Gud og sant menneske, Frelsar og Forsonar, og gjennom Han eit kall til eit liv i forsaking, tru og teneste.

Særskilt om dåpsforpliktinga

På dette punktet er det trøng for ei prinsippavgjerd.

Alle veit at Jesus Kristus i Misjonspåboden seier:

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til disiplar! Døypt dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»(Matt.28,18-20)

Med rette har difor Dnk i sin dåpsliturgi(pkt.4) kalla kyrkja, kyrkjelyden, foreldra og fadrane sitt ansvar ved dåpen for **Dåpsskyldnaden**.

For å understreke dette reiser foreldra og fadrane seg på dette punktet i gudstenesta, og står óg saman med kyrkjelyden når vi forsakar djevelen og vedkjenner trua på Den Tre-Eine Gud.

På dette grunnlaget er det så at sjølve dåpshandlinga vert forretta ved fonten: Presten spør på kyrkja sine vegner den som ber/følgjer dåpskandidaten om *kven* som skal døypast, om JA! på dåpsspørsmålet, før korsteiknet vert teikna over den som skal motta sakramentet. Så kjem sjølve dåpshandlinga der dåpskandidaten vert døypt **til Namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande**.

Deretter handspålegging med orda:

"Den allmektige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrke deg med sin nåde til det evige liv. Fred vere med deg.

Hjå oss har vi også i mange år nytta to valfrie ledd som understreker Dåpsskyldnaden, Dåpsljos og Proklamasjon.

Men alt før dåpen er saka sterkt markert hjå oss, t.d. i dåpssamtalen med presten og faldaren ”Kva vil det seia å svara JA! på dåpsspørsmålet.”

Samanhengen mellom Dåp og Opplæring er elles sterkt markert i Dnk frå IKO sitt UPRO, Undervisningsprogram for heim og kyrkje på 70-talet, til dagens Trusopplæringsreform.

Det er difor ein naturleg konsekvens når tanken om at dei som ber om Kyrkja si teneste bør underskrive at dei, så langt det er råd, forpliktar seg på det kallet til opplæring som dåpen gjev. Men noko sams praksis i Dnk fins ikkje.

I Øygarden har vi i ein periode hatt ein slipp(attgjeve under)med innmelding til søndagsskulen, men med liten respons.

Vi kan også visa til at ikkje så få spør om dei skal underskrive dåpskladden ved innmeldinga, og dømet frå konfirmantførebuinga, der både konfirmant og foreldre skriver under på liknande forpliktingar.

Spørsmålet er alt stilt indirekte: Er det trong for ei prinsippavgjerd **om ei praktisk ordning rundt underskrift på dåpsforpliktinga?**

Det er mange gode grunnar for dette. Men skal det skje, må ordninga fungere. Truleg er den enkleste modellen denne:

1. Underskrift på dåpskladden ved innmeldinga til dåp, som får eit ekstra avsnitt:

”Eg ønskjer å oppdra barnet mitt i kristen forsaking og tru.”

”Eg ønskjer å senda barnet mitt på søndagsskulen.”

2. Søndagsskulane får lister over alle 3-årsdåpsborn og inviterer dei til søndagsskulen.

Tilbod om innmelding i søndagsskulen

Eg melder barnet mitt inn i søndagsskulen

Namn:

Fødselsår:

Adresse:

Eg ønskjer å bli kontakta av:

Søndagsskuleleiar

Barnelagsleiar

Prest

De blir då kontakta det året barnet fyller 4 år.

Signatur:

Svarslippen vert sendt: Øygarden Kyrkjelege Fellesråd, Kyrkjelydspedagogen, Boks 144, 5331 Rong.

Om arbeidsmåtane

Arbeidsmåtane er delte inn etter: Før og etter dåpen, så alder: 0-3 år, 4-5 år, 6-10 år, 10-12 år, 13-15 år, Konfirmasjonstida, og 16-18 år.

Før dåpen

Foreldra og fadrane treng hjelp til å søkja dåpen i tru, slik det står i dåpsliturgien: «Med takk og tru ber vi då borna våre til Herren i den heilage dåpen.» Presten held difor dåpssamtalar i heimen eller på kontoret etter som tilhøva ligg til rette. Det er viktig at samtalene er konfidentsentrert, men også at foreldre og fadre ikke vert i tvil om sitt ansvar for at barnet kan vera verande hjå Kristus. Vi seier korleis vi kan la heimen vere ein kristen heim, og understreker tronen for kontakt med den truande kyrkjelyden og gudstenesta. Her vert også utdelt "Kva vil det seia å seia Ja! på dåpsspørsmålet" og "Trusopplæring i kyrkjelydane i Øygarden".

Sjølve dåpshandlinga

Me må syta for ei rik og inkluderande gjennomføring av sjølve dåpshandlinga. Dåpen skjer i kyrkjelyden si gudsteneste, og normalt etter ny vedteke(2006) plassering etter Gloria, slik at kyrkjelyden er til stades når borna vert tekne inn i Guds truande kyrkjelyd. På denne måten vert det streka under at dåpen er heile kyrkjelyden sitt ansvar. Det er særskilt viktig at dåpsfølgjet får god informasjon om det som skal skje og praktisk hjelp til å ta aktiv del i handlinga. Foreldra og fadrane må takast på alvor som ein del av den gudstenestefeirande kyrkjelyden.

Den første tida i heimen

I den første tida i heimen har foreldra i praksis eit hovudansvar for den kristne oppsedinga til borna. Det er difor viktig at borna så tidleg som råd lærer å be til Gud som sin Far i himmelen og at dei får høyra om Jesus som sin Frelsar. Kyrkjelyden har eit sjølvstendig ansvar for å be for borna og heimane deira og å gje påminning, oppmuntring og praktisk hjelp.

Oppfølgjinga i kyrkjelydane

Kristen kunnskapsformidling er ikke ei einsidig intellektuell sak. Det er difor viktig at me finn fram til arbeidsformer og hjelpemiddel som svarar til den bibelske kunnskapsformidlinga. I både Det gamle og Det nye testamentet er undervisning ei verksemد som rettar seg mot heile mennesket. Ut frå dette er det viktig med varierte arbeidsformer og aktivitetar som tek omsyn til borna både på det emosjonelle og det intellektuelle planet.

Soknerådet er forpliktet til å leggja til rette for undervisning, gudstenester og andre aktivitetar som borna og foreldra kan ta del i. Det er viktig at ein del av det som vert lagt opp som forpliktande trusopplæring omfattar alle døypte born. Når kyrkjelydane forpliktar seg til å gje borna slik trusopplæring, vert det ein føresetnad at foreldra vert forpliktet til å la borna ta del i denne opplæringa.

Me vil bruka faldarane nemnt over, ØyNytt og kyrkja.net til å informera om ansvaret både foreldre, fadrar og kyrkjelydane har for alle døypte, me vil laga ei god ramme rundt dåpen og fylgja opp dåpen med dåphelsingar og påminningar på både eitt-, to- og treårsdagane for sjølve dåpshandlinga.

Arbeidsmåtar 0-3 år

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Revidera faldaren <i>Trusopplæring i Kyrkjelydane i Øygarden.</i>	Kontor	August	Kyrkjelydspedagog
2 Bruka ØyNytt og <i>Rettleiing om Dåp</i> www.kyrkja.net/dop1.htm til å orientera om foreldre- og fadderansvar, dei einskilde tiltaka osb	Kontor	Heile året	Kyrkjelydspedagog, Kontorleiar, Prest
3 Utsending av brev og faldaren <i>Orientering om dåpen og Kva vil det seia å seia Ja! på dåpsspørsmålet</i>	Heim pr post	Ved melding om fødsel	Kontorleiar
4 Dåppsamttale m/basis i <i>Kva vil det seia å seia Ja! på dåpsspørsmålet, Til fadrane ved Dåp i Øygardskyrkjelydane, Trusopplæring i Øygardskyrkjelydane.</i> Informasjon om dåpsklubben Tripp-Trapp. Innskrivning til dåp og i søndagsskulen.	Heime eller på kontor	Før dåp	Presten
5 Dåpshandling, tenning av dåpslys, utdeling av dåpslysestake m/namn	I kyrkja	Dåp	Presten, Kyrkjetenar
6 Enkelt veggbilete i A4-format	Heim pr post	Ein mnd etter dåp	Kontorleiar
7 Brev til 1-årsdag for dåp, CD, <i>Trusopplæring i Kyrkjelydane i Øygarden, evt. òg Dåpsfest/Dåpsforeldre-Alpha.</i>	Heim pr post	Eitt år etter dåpen	Kontorleiar
8 Brev i samband med 2-årsdag for dåp med brev for 2-årsdag for dåp, <i>Trusopplæring i Kyrkjelydane i Øygarden</i> og utsending av spisebrikke med bordvers på.	Pr post	Vår eller høst	Kyrkjelydspedagog, Kontorleiar
9 Brev til 3-årsdag for dåp, ei lita kristen bok, og faldaren <i>Trusopplæring i Kyrkjelydane i Øygarden.</i>	Pr post	Tre år etter dåpen	Kontorleiar

T-dagar

Arbeidsmåtar 4-5 år

Me vil laga ei god ramme rundt utdelinga av bok til fireåringane, me vil gje ein barnebibel til femåringane og me vil starta dåpsskule for seksåringane. Sjå fylgjande:

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Invitasjon til T-Dag/Familiegudsteneste m/utdeling av 4-årsbok	Heim pr post	Vår eller haust	Kyrkjelydspedagog,
2 T-Dag/Familiegudsteneste m/utdeling av fireårsbok av søndagsskulelærarar, kyrkjekaffi	Kyrkja	Mars	Presten, kantor, Kyrkjelydspedagog, søndagskulelærarar og SR(kyrkjekaffi)
3 Invitasjon til T-Dag med utdeling av barnebiblar til femåringane	Pr post		Kyrkjelydspedagog
4 T-Dag/Barnebibel til femåringane	Søndagsskulen/kyrkja		Kyrkjelydspedagog/Team

Arbeidsmåtar 6-9 år

Alle åtteåringane skal få CD med helsing, me ynskjer at alle 2.klassane skal vitja kyrkja, og me vil arrangera leir på Skjergardsheimen. Sjå fylgjande:

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Invitasjon til Dåpsskule for 6-åringar	Kyrkja	Før påske	Kyrkjelydspedagog,
2 T-Dag/Familiegudsteneste/messe m/kyrkjekaffi m/utdeling av bok til dei som har deltatt på dåpsskulen. Forsøk med markering av den første kommununionen?	Kyrkja	Vår	Presten, Kyrkjelydspedagog, kantor og SR(kyrkjekaffi)
3 1.-2.kl: T-Dag/Leirdag	Skjergardsheimen	November	Kyrkjelydspedagog, Teamet/NLM
4 2.kl: Den kulturelle skulesekken	I kyrkja	Haust	Kyrkjelydspedagog, samarbeid Øygarden Kommune
5 3.-4.kl: T-Leir på Skjergardsheimen	Skjergardsheimen	Haust	Teamet/NLM

Arbeidsmåtar 10-12 år

Alle 5.klassane vert inviterte til Familiemesse/Familiegudsteneste med utdeling av bibel. Dei skal få vitjing av kyrkjeleg tilsett og verta inviterte til leifar på Skjergardsheimen. Her vil me også engasjere born til å vera ministrantar i gudstenestene.

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Invitasjon til T-Dag/Familiegudsteneste m/utdeling av Bibel til 5. Klasse	I kyrkjene	Haust	Kyrkjelydspedagog
2 T-Dag/Familiegudsteneste m/utdeling av Bibel til 5. Klasse	I kyrkjene	Haust	Presten, kantor og Kyrkjelydspedagog
3 Vitjing av kyrkjeleg tilsett i 5. Klassane	På skulen (om bruk av Bibelen)	Etter ynskje etter fam gudst	Kyrkjelydspedagog
4 Vandring gjennom Bibelen. Forsøk med Mini-Konfirmasjon?		Haust	NLM, samarbeid Øygarden Kommune
5 5. kl: Leir på Skjergardsheimen.	Skjergards- heimen	Vår	Team
6 2.kl: Den kulturelle skulesekken	I kyrkja	Haust	Kyrkjelydspedagog, samarbeid Øygarden Kommune

Arbeidsmåtar 13-15 år

Det vert leir på Skjergardsheimen og Ung Messe.

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
8.-10. kl. T-leir på Skjergardsheimen Ung messe	Skjergardsheimen I ei av kyrkjene	Oktober November	Team/NLM Kyrkjelydspedagog, prest og kantor

Særskilt om Konfirmasjonstida

I konfirmasjonstida ynskjer me at konfirmanten skal møta Jesus Kristus som sin Herre og frelsar, slik dei møtte Han då dei vart døypt, og verta medvitne om kva dei har i sin dåp.

Me vil at konfirmantane skal få grunnleggjande kunnskap om den kristne trua, og ei oppleving av det kristne fellesskapet som gjev meirsmak, slik at dei ynskjer å halda fram i det kristne fellesskapet, delta i gudstenestene og det kristne miljøet i kyrkjelydane våre, også i tida etter sjølve konfirmasjonen.

Konfirmasjonstida i Blomvåg sokn og Hjelme sokn byggjer på

- *Plan for konfirmasjonstida i Den norske kyrkja*, Kyrkjerådet 1988,

- *Håndbok til Plan for konfirmasjonstiden i Den norske kirke*, Kyrkjerådet 1988,
- det konfirmantarbeidet som har vokse fram i Øygardskyrkjelydane gjennom mange år.

Plan for konfirmasjonstida i Den norske kyrkja er ein rammeplan som gjev kyrkjelydane grunnlag og retningslinjer for arbeidet med den lokale planen for konfirmasjonstida.

Planen sikrar einskapen i konfirmasjonsundervisninga i dei ulike kyrkjelydane, men òg mangfaldet gjennom lokal valfridom. Plan for konfirmasjonstida i Blomvåg sokn og Hjelme sokn er eit konkret uttrykk for denne lokale valfridomen.

Som vedlegg ligg døme på innmeldingsskjema, kontrakt og ark med det konfirmantane skal kunna, eit såkalla "Dette kan eg utanat"-ark.(Katekisme- og bibeltekstar som me forventar at konfirmanten kan når konfirmasjonstida er over.)

Konfirmasjonsopplæringa

Alle barn og unge som er medlem av Den norske kyrkja, har rett på konfirmasjonsopplæring.

For å verta konfirmert, må ein vera døypt. Men ein treng ikkje vera døypt for å delta i konfirmasjonsopplæringa.

I god tid før konfirmantåret vert det undersøkt om det kjem konfirmantar med særlege behov, t d utviklingshemma konfirmantar.

Ansvar

Konfirmanten og foreldre/føresette har ansvar for at konfirmanten møter førebudd til gudstenester og samvær og at dei gjer sitt til at konfirmasjonstida vert ei positiv oppleveling for konfirmanten.

Kyrkjelydane har ei viktig oppgåve med å skapa eit inkluderande miljø der konfirmantane kan kjenna seg velkomne og trivast i. Den gudstenestefeirande kyrkjelyden er eit viktig læringsmiljø for konfirmanten.

Det er ein **føresetnad** at sokneråd, fellesråd og dei tilsette i sokna samarbeider om gjennomføringa av planen.

Sokneråda har ansvar for at Trusopplæringsplanen med plan for konfirmasjonstida vert vedteken og sett ut i livet.

Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å budsjettera midlar til utstyr, materiell, lokale o a som trengs for å gjennomføra Plan for konfirmasjonstida.

Soknepresten skal forvalta Ord og sakrament ved å *utføre konfirmantforberedelse og konfirmasjon etter gjeldende ordning* (frå Tjenesteordning for menighetsprester). Soknepresten tek del i konfirmasjonsarbeidet etter nærmere fastsette planar.

Kyrkjelydspedagogen er ansvarleg for organiseringa og gjennomføringa av konfirmasjonstida etter den vedtekne planen, i samarbeid med sokneråd og andre tilsette.

Dei andre kyrkjelege tilsette tek del i konfirmasjonarbeidet etter nærmere fastsette planar.

Omfang

I følgje Plan for konfirmasjonstida skal konfirmantane ha 45 samvær à 45 minutt. Desse samværa skal inkludera åtte gudstenester (medrekna dei tre faste gudstenestene: presentasjons-, samtale- og konfirmasjonsgudstenestene) og diakonale oppgåver. Me fordeler samværa slik:

Gudstenester	Gudstenester	8	8
Undervisning	To temasamlingar Undervisning	4 30	34
Valfrie alternativ			6
Til saman			48

Samarbeid

Friviljuge organisasjonar har gode tradisjonar innan barne- og ungdomsarbeid i Øygarden. Det er viktig at desse får eit godt tilhøve til konfirmantane, og at konfirmantane vert naturlege deltagarar i det lokale ungdomsarbeidet.

Oppslutnaden om kyrkjeleg konfirmasjon

Tradisjonelt sett har dei fleste i 9.klasse i sokna konfirmert seg kyrkjeleg, sjå tabell:

ÅR	BLOMVÅG	HJELME	BEGGE SOKN	MEDLEM iflg medi.-registeret	ANTALL 9.KL ELEVER	%
2005	35	8	43	47	47	91,5
2006	48	16	64	69	75	85
2007	47	15	62	62	72	86
2008	45	10	55	61	64	86
2009	46	13	59	64	69	85,5

Til tabellen: Medlemmar: Dei som etter Kyrkjeleg medlemsregister (2001) var/vert 15 år i konfirmasjonsåret.

Konfirmantar: Dei som etter lokal kyrkjebok vart/vert konfirmerte det aktuelle året.

Feilmargin: Dei som har flytta frå/flytta til sokna etter konfirmasjonen.

Hovudarbeidsformene

I følgje Plan for konfirmasjonstida (PKT) er det fire hovudarbeidsformer: Gudstenester, undervisning, diakoni og andaktsliv.

Gudstenestene

Konfirmantane skal i følgje PKT delta på åtte gudstenester inkludert dei tre obligatoriske: presentasjons-, samtale- og konfirmasjonsgudsteneste.

Presentasjonsgudstenesta

Presentasjonsgudstenesta er i starten av konfirmantåret. Her vert konfirmantane presenterte og får kvar eit kort med bibelvers. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffi.

Samtalegudstenesta

Samtalegudstenestene vert lagt til mars-april, anten i høgmessetid (som høgmesse) eller på kveldstid, på kvar- eller sundag.

Samtalegudstenestene lagar me ved hjelp av gudstenesteverkstader, til dømes tre timer ein laurdag føremiddag eller tilsvarende på ettermiddagstid nokre dagar før gudstenesta. På gudstenesta er ein representant for kyrkjelyden tilstades, og kjem med ei lita helsing. Det vert kyrkjekaffi.

Konfirmasjonsgudstenesta

Framfor konfirmasjonsgudstenesta vert konfirmantane samla for å prøva kapper, gå gjennom gudstenesta: øva liturgi, gå i prosesjon o l og syngja salmar. Eit smykke med korsform vert hengt rundt halsen på konfirmantane under forbøna. Høve til krismering(Salving) under forbøna for dei som vil.

Undervisning

Undervisninga skjer for det meste på møterom Rong Senter og på temakveldar.

Med tretti timer som ramme kan det t d sjå slik ut: 1) femten dobbelttimer, sju/åtte kvart semester, 2) 30 einskildtimer, femten kvart semester eller 3) ein kombinasjon av 1) og 2).

Dei siste åra har me hatt god erfaring med temakveldar på kveldstid for konfirmantar med foreldre/føresette. Emna har vore: a)Ungdom og sorg, b)Ungdom og media, c)Ungdom og sex. Tilsvarande dette vil me òg gjera i framtida. Konfirmantforeldre-Alpha? På desse samlingane har me enkel servering.

Diakoni og misjon

Konfirmantane får kjennskap til den kyrklelege diakonien gjennom gudstenestene, undervisninga og dei valfrie alternativa dei vel, sjå under.

Kyrkjelydane i Øygarden har teke ansvar for misjonsarbeidet mellom Malinké-folket i Mali, NLM sitt arbeid i Kenya, og det karitative arbeidet til Strømmestiftelsen. Ungdomsskuleelevar har vore med i Jinka-prosjektet i Etiopia.

Konfirmantane har vore med på ein innsamlingsaksjon/solidaritetsaksjon i løpet av konfirmanttida. I planlegging og gjennomføring av aksjonen er også sokneråda og konfirmantforeldre(sjaførar/matlagning/diverse organisering) engasjerte.

Me vil òg fokusera på diakoni med forankring i lokalsamfunnet.

Andaktsliv

På kvar samling er det ei andaktsstund, det vil seia minimum salme/song, bibelord, bøn og Fader vår. Konfirmantane får òg tilbod om ulike opplegg for dagleg bibellesing.

Valfrie alternativ

Som ein del av konfirmasjonstida skal konfirmantane vera med på ulike valfrie alternativ. Dei kan delta på dei ulike kristne ungdomsaktivitetane i Øygarden, vera med på konfirmasjonsweekend, ha leiaransvar i søndagsskule eller barnelag, delta på ungdoms-alpha m m.

Det kristne ungdomsarbeidet

I Øygarden har me seks tiltak som går jamleg og som konfirmantane kan delta på:

Ichtys, Øygarden gospel, KRIK, Nautnes kristelege ungdomsklubb, Skulelaget, Bibelgruppe.

For at dette skal fungera, må det vera god kontakt mellom kyrkjelydspedagog og lagsleiarane. Leiarane må òg ta ansvar for registrering av frammøte.

Sokneråda vurderte eit samarbeid med den nedlagte ungdomsklubben "Hølo" i 2004-2005.

Leiaroppgåver

Om nokon vil kan dei velja å vera med som hjelpeleiar i barnelag, -kor og søndagsskule. Vel ein dette, må ein vera med som hjelpeleiar på alle samværa, oftast annakvar veke.

Skal nokon vera hjelpeleiar, treng dei opplæring på førehand, anten i regi av kyrkjekontoret eller i regi av laget/koret/søndagsskulen.

Representantar frå laga kan vera til stades på infomøte i juni.

Dei tilsette i kyrkja må ha kontakt med hovudleiarar før, under og etter konfirmasjontida.

Teneste i gudstenesta

Kyrkjelydane har hatt ei ordning med konfirmantar som gjorde teneste på ulikt vis i kvar gudsteneste. Konfirmantane har først og fremst vore kyrkjevertar, men kanskje kunne konfirmantane i større grad også verte liturgiske hjelparar og vert meir engasjert i det tekniske(t.d ansvarleg for lyd og powerpoint i gudstenesta), i det musikalske(som forsongarar og musikantar), i arbeidet rundt barnesamlingane under gudstenesta og i det praktiske arbeidet rundt t.d kyrkjekaffe). Tilbakemeldinga frå konfirmantane når dei var med var eintydig; dei sette pris på å vere med å hjelpe til i gudstenesta! Og gudstenestene vart rikare når dei unge gjorde teneste. Kanskje konfirmantane kunne ønske å fortsette sitt engasjement i gudstenestene også etter at deira eigen konfirmanttid er over. Ei utviding av ordninga med at konfirmantar og friviljuge gjer teneste i gudstenestene vil krevje vilje til prioritering, god kommunikasjon og felles planlegging hjå både tilsette og friviljuge arbeidarar.

Døme på gudstenesteoppgåver:

I prosesjon:	Bera prosesjonskors, Bibel/salmebok, dåpskanne med meir, evangelieprosesjon.
I musikken:	vera forsongarar, spela instrument med meir
Som kyrkjevert:	Ta imot kyrkjelyden, samla inn offer, pynte kyrkja, ansvar for kyrkjekaffi med meir
Nær dåpen:	Henta vatn, tömma vatn, törka hovud, dela ut attest/dåpslys med meir
I forböna:	Tenna lys, bera fram bönekrukke, be böner med meir
I barnesamlinga:	Vera medhjelpar
I liturgien:	Vera ministrant, bere fram brød og vin ved offertoriet
Teknisk:	T.d ansvarleg for lyd og powerpoint i gudstenesta.

Eksterne tilbod

Om ønskeleg kan konfirmanten få godkjent deltagning i jamnlege aktivitetar utanom sokna som valfritt alternativ. Døme er NLM sitt krinsaspirantkor, KRASP og NLM si forsamlings Tremorkirken som er samla tre til fire helger i året.

Informasjonsmøte

I starten av juni vert det informasjonsmøte i begge sokna for konfirmant og foreldre/føresette. Her går ein gjennom opplegget for konfirmasjonstida, orienterer om dei ulike alternativa osb. Døme på påmeldingsskjema kjem til slutt i planen.

Konfirmant- og foreldre/føresettekontakt

Konfirmasjonstida er eit flott høve til å få kontakt både med konfirmant og foreldre/ føresette. I løpet av konfirmantåret kunne vi kanskje få til personleg samtale mellom kyrkjelydspedagog/prest/ein av dei andre kyrkjeleg tilsette og foreldre/ føresette og konfirmant. Samtalen kunne vare ikring tjue minutt.

I Øygarden oppfordrar me foreldre/føresette sterkt til å følgja konfirmantane til gudstenestene og delta på temakveldane.

Til presentasjons-, samtale- og konfirmasjonsgudstenestene vil det vera naturleg å invitera fadrar og besteforeldre til konfirmanten.

Årsplan/ansvarsplan

Mnd	Kva skjer	Ansvar
Jun	Innskrivingsmøte	Kyrkjelydspedagog Alle som skal delta i opplegget
Sept	Presentasjonsgudsteneste	Prest, kantor, kyrkjelydspedagog, Team (rosor og kort), sokneråd
Sept-des	Undervisning	Etter fastsett plan
Nov	Personleg samtale	Dei tilsette
Jan-apr	Undervisning	Etter fastsett plan
Høst-Vår	Temakveldar	Kyrkjelydspedagog Sokneråd (servering)
Vår	Innsamlingsaksjon	Kyrkjelydspedagog, Team, Sokneråd
Apr	Samtalegudsteneste (etter påske) Fire eller fem konfirmasjonsgudstenester Evaluering Heile året	Prest, kantor, kyrkjelydspedagog, Team (rosor og kort), sokneråd (helsing og kaffi) Prest, kantor, kyrkjelydspedagog, team Tilsette og sokneråd Kyrkjelydspedagog, Team
	Oppfølgjing av hovudleiarar i kristne ungdomsativitetar og aktivitetar der konfirmantar er hjelpeleiarar	

Arbeidsmåtar 16-18 år

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1			
2			

Arbeidsmåtar ved Vigsel og for heimane

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Vigselsamtale	Kyrkjekontoret	Før vigsel	Presten
2 Brudeparbibel		Ved vigsel	Kyrkjekontoret

Arbeidsmåtar ved Sorg og dødsfall, sjå og Særskilt om Diakoni.

INNHOLD	STAD	TID	ANSVARLEG
1 Sorgsamtale	Heimen/Kyrkjekontoret	Før gravferd	Presten
2 Gravferd	Kyrkja		Prest, kantor, kyrkjeten

Leifarbeid

Tid	Leir	ANSVARLEG
Jan	T-Leirdag for 1.-2.kl	Kyrkjelydspedagog, Team
Vår	5. kl: T-Leir på Skjergardsheimen	Kyrkjelydspedagog, Team
Vår	8.-10.kl: T-leir for Ungdomsskulen på Skjergardsheimen	Kyrkjelydspedagog, Team
Haust	3.-4.kl: T-leir på Skjergardsheimen	Kyrkjelydspedagog, Team
Haust	6.-7.kl: T-Leir på Skjergardsheimen	Kyrkjelydspedagog, Team
Haust	T-Konfirmantleir på Sætervika	Kyrkjelydspedagog, Team

Familiemesser/Familiegudstenester

Familiemesser 2.kvar gong i kvar kyrkje om ikkje Familiegudstenester.
Det er viktig å få til ei meir effektiv utdelingsform i dei einskilde fasane fra 2 år og oppover. Døme: Samling av alle borna på alderstrinnet til inngangsprosesjon, samling ved byrjinga av gudstenesta, utdeling, forbøn for borna, bruk av boka under gudstenesta. Det kan haldast eit "myldremøte" der ein ser meir på innhaldet i gudstenestene. Ein kan vurdere å flytte nokre aktivitetar til andre tidspunkt/samlingsstader.

Tid	Kva skjer	Ansvar	Anna, andre medverkande
Vår eller haust	T-Dag: 4 og 5-åringar i Hjelme	Kyrkjelyds pedagog	Søndagsskuleleiarar
Vår eller haust	T-Dag: 4-åringar/Fireårsbok i Blomvåg	Kyrkjelyds pedagog	Søndagsskuleleiarar
Vår	T-Dag: Avslutning for Dåpsskulen i Blomvåg	Kyrkjelyds pedagog	NLM
Apr	Barnas Misjonsdag i Blomvåg		NLM
Mai	17. mai-gudsteneste samstundes i begge kyrkjene	Presten	KI.1200, Prostipresten kjem inn?
Sep	T-Dag: Søndagsskulen sin dag/Bibel til 10-åringane/5.klassingane i begge kyrkjene	Kyrkjelyds pedagog	Søndagsskulelærarane

Okt	Hausstakkefest i Blomvåg	Kyrkjelyds pedagog, Sokneråd	Amerikansk auksjon etter gudstenesta til inntekt for misjonen, Barnelag/Jubelkoret, NLM
Des	Julaftan-gudsteneste på institusjon og i begge kyrkjene	Spr	

Det kristne barne-og ungdomsarbeidet			
Vik søndagsskule/-ring			
Vik bedehus annkv sørn kl 11.00-12.00, 3 år+ NSF, Ingrid Torsvik 93 90			
Barnekoret Lyskastaren			
Vik bedehus annakvar mån kl 17.00-17.45 4år+/, NLM, Lars Arne Vik 86 45			
Jubelkoret:			
Vik bedehus annakkvar torsd.kl.16.45-18.00. 4-8 kl. Olaug Rong 92 78			
Vik barnelag			
Vik bedehus annakvar ons kl 17.00-18.15, 5 år+, NLM, Marianne Dåvøy 56 38 87 95			
Gutten			
Vik bedehus annakkvar ons kl 17.00-18.30, 5 år+, Normisjon, Ragnhild Martinussen 7604			
Yngres			
Vik bedehus annakkvar fred kl 19.00-21.00, 5 kl+, Erling Vik 89 63			
Rong			
Rong bedehus annakkvar sørn kl 16.30-18.00, For heile familien. Sønd.skule og SR fra kl. 17.00 Kari Sandøy Rong 76 31			
Blomvåg søndagsskule /-ring			
Blom bedehus annakkvar sørn kl 11.00-12.00, NSF, 2 år+ : Olaug K. Rong 92 78 Linda Blom 73 97			
Barnelaget Blink			
Blom bedehus annakkvar tirs kl 17.00-19.00, 4 år+, NLM, Bjørg 47816181			
Oen søndagsskule			
Oen bedehus annakkvar onsdag kl. 17.30-19, 3 år+, NSF, Else Rossnes 7198			
Onsdagsklubben			
Oen bedehus Annakkvar onsdag kl.17.30-19.00.Linn Karin K. Andersen 80 09			
Tjeldstø søndagsskule			
Tjeldstø bedehus annakkvar sørn 11.00-12.00, 3 år+, NSF, Sølv Dåvøy 94 39			
Sæle og Hellesøy søndagsskule/-ring			
Hellesøy bedehus, sjå oppslag, 3 år+, NSF, Ingrid Sandøy 82 24			
Familiekoret i Øygarden			
Skjærgardsheimen annakkvar torsdag 17.30-19.30. Olaug Hatten 7719			
Barnekantoriet Alvheim skule, fre.13-14.15 Anne Lise Grøm 82 22			
Bibelgruppe 9 kl+, Kyrkjelydsp 2247			
Nautnes kristelige ungdomsklubb			
Nautnes bedehus siste fredag i mnd, 19.00-21.00: 5-7 kl, 21.00-23.00: 8 kl+, ImF, Annlaug Børve 94 81			
Øygarden KRIK			
Toftøy skule kvar fredag kl 19.00-21.00: 8-10 kl,Thea Ophaug 47 86 10 31			
Øygarden gospel Blomvåg kyrkje kvar mandag 19.00-21.00, 8 kl+, Kyrkjelydsp 2247			

Samarbeid barnehage/skule-kyrkje

Kyrkjelydane v/kyrkjelydspd. inviterar til gudsteneste i kyrkjene før jul. Barnehagar(både dei private og dei kommunale)/Skular vert oppfordra til å kome med innspel og til å delta på ulikt vis. Planleggingsmøte med representantar frå skulene og kyrkja på kyrkjekontoret i god tid før gudstenestene.

Til påske og sommar er det berre dei barnehagane som sjølv tek initiativ til det, som vitjar kyrkja. Potensialet til ei utviding av kontakten er på denne arenaen stor. Det har før påske vore gjennomført ei påskevandring/sansevandring i Hjelme kyrkje med ein av barnehagane. Responsen var svært positiv, og konseptet kan utviklas om ein i framtida ynskjer – og finn ressursar til - å prioritera kontakten med, og formidlinga av evangeliet til barnehagebarna.

Kontakten med barnehagar/skulane i kommunen opplever prestegjeldet som positivt! Potensialet er like fullt utvilsamt stort når det gjeld ei utviding av samarbeidet skule-kyrkje. Mellom idéar som bør vidareutviklast er kunstutstilling, julekrubba og påskegrav.

Innhald	Stad	Tid	Ansvarleg
Vitjing av kyrjeleg tilsett i barnehagar og skuleklassar	I barnehagen og på skulane	Etter ynskje	Kyrkjelydspd.og
Vitjing i kyrkjene av barnehagar og skular	I kyrkjene	Etter ynskje	Kyrkjelydspd.
Møte med repr frå kvar barnehage og skule for å førebu Skulegudstenestene før jul	Kyrkjekontoret	November	Kyrkjelydspd., kantor, prest
Skulegudstenester	I kyrkjene	Før jul	Kyrkjelydspd., kontorleiar (songhefte), kantor(øving,CD), prest.

Samarbeidet Øygarden Prestegjeld – Norsk Luthersk Misjonssamband

I Øygarden er det eit godt og unikt samarbeid mellom kyrkja, Norsk Luthersk misjonssamband (NLM), tidlegare òg med Nordhordland indremisjon (ImF). Samarbeidet oppstod då kyrkja såg behovet for eit utvida barne-og ungdomsarbeid i kyrkjelydane i Øygarden. Kyrkja tok då initiativ til kontakt med Indremisjonsforbundet og Misjonssambandet. Ordninga vart då slik at Øygarden Fellesråd "leiger" arbeidarar frå misjonen i til saman ein 100% stilling. Dette samarbeidet tok til i 2003. Fire gongar i året samlast krinssekretæren frå NLM, arbeidarane og kyrkjelydspd. til samrådingsmøter, der ein planlegg og fordeler arbeidsoppgåvene for arbeidarane. Kyrkjelydspd. er koordinator for dette

samarbeidet. Dette samarbeidet opplever vi som svært positivt, og vi når ut til langt fleire, enn om vi hadde hatt *ein* barne- og ungdomsarbeidar i ein 100 % stilling.

Leiarrekruttering/-opplæring

Leiarrekruttering og -opplæring er eit kontinuerleg arbeid. Fylgjande oppsett gjev ein oversikt over kva som vert gjort:

Tiltak	Kvar	Ansvar
Person-til-person-kontakt	Gudstenestene, søndagsskulane div møte på bedehus og i kyrkje, barne- og ungdomskor og –klubbar/-foreiningar, KRIK, osb	Medlemmane i råda, dei tilsette, heile kyrkjelyden
Generell informasjon	ØyNytt og www.kyrkja.net	Kyrkjelydspedagog
	Års- og soknemøte	
	Sokne- og fellesråd	
Forbøn	Kyrkjebøna i gudstenesta	Prest
	Be for-spalte i ØyNytt og www.kyrkja.net	Kyrkjelydspedagog
	Forbønstenesta	Prest, Kyrkjelydspedagog

Fylgjande oppsett gjev ein oversikt over kva vi ønskjer vert gjort:

Målgruppe	Tid	Stad	Arrangement	Økonomi	Ansvar	Samarbeid
Alle leiarar i barne- og ungdomslag og –kor og søndagsskulalar	Aug	I kyrkja	Inspirasjonssamling m/ forbønsdel		Kyrkjelydspedagog, kontorleiar, prest, Team, sokneråd	Felleslag og div krinskontor
Alle leiarar....	Jan	I kyrkja	Temasamling		Kyrkjelydspedagog	
Hovudleiarane i barne- og ungdomslag og –kor og søndagsskulalar	Mai	Kyrkekontora	Evaluering og planleggjng, registrering av trøng for nye leiarar		Kyrkjelydspedagog og Team	
Familiearbeit og Evangelisering			Temasamlingar: -den kristne heimen -kristen barneoppesding -saman som ektefolk -Alphakurs		Kyrkjelydspedagog og prest	

Særskilt om Diakoni

Kyrkjelyden sitt diakonale ansvar.

Det ansvar ein kvar kristen kyrkjelyd har, også på diakonien sitt område, går i første rekke fram av eit rikhaldig **bibelmateriale**. Og det er Guds kjærleik til alle menneske som er diakonien si drivkraft:

**"Mine kjære, lat oss elska kvarandre,
for kjærleiken er frå Gud,
og kvar den som elskar, er fødd av Gud
og kjenner Gud."**

**Den som ikkje elskar, har aldri kjent Gud,
for Gud er kjærleik.**

**I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss,
at han sende sin einborne Son til verda
så vi skulle ha liv ved han.**

**Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud,
men at han har elska oss
og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.
Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar òg vi å elska kvarandre."**
1.Joh 4, 7-11.

Soknerådet sitt ansvar er dessutan nedfelt i gjeldande **kyrkjelov** der det m.a. heiter:

**"Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å
vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli
rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og
unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet."**

- Det vert vidare framheva at **soknerådet har ansvar** for at diakoni vert innarbeid og utvikla i soknet.

Definisjon

Kyrkjelova peikar på to tilhøve: Lekamleg og åndeleg naud. Forkynning av evangeliet og kjærleksgjerningar og må m.a.o. fylgjast åt. "Plan for diakoni i Dnk"(2008)forstår diakoni som "...kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."

Innhald

Det diakonale arbeidet i Øygarden er delt inn i fire ulike bolkar, som på ein del område overlappar kvarandre. Desse er:

1. Materielt livsgrunnlag og sosial velferd;
2. Kontakt og fellesskap;
3. Sjelesorg;
4. Helse og omsorgsarbeid.

I kyrkjelydane våre går det føre seg mykje verdfullt diakonalt arbeid som ikkje er organisert. I planen er det først og fremst det organiserte arbeidet som vert handsama. Ei rekkje sider ved diakonien vert og aktualisert gjennom organisert kyrkjelydsarbeid nemnt i trusopplæringsdelen. Det er difor viktig å skapa auka medvit om at det meste av kyrkjelydsarbeidet også har viktige diakonale funksjonar. Det er også mykje organisert diakonalt arbeid som fungerer på ein tilfredstilande måte i dag, og der endringar ikkje synest påkravd.

Materielt livsgrunnlag og sosial rettferd

Målsetjinga er at det diakonale arbeidet skal medverka til å stadfesta kvart einskild menneske sin rett til liv og menneskeverd.

Vern omlivet

I dag er vern om livet eit av forbønsemna i kyrkjebløna. Vi har også informasjonsarbeid gjennom ØyNytt. Tema rundt barnet i mors liv, rusmisbruk, trafikkspørsmål, sjølvmord, dødshjelp, m.m., vert også teken opp i forkynning og undervisning, m.a. for konfirmantane.

Vi ynskjer å etablere eit tilbod for kontakt/samtale i samband med abort, anten a) direkte ved at kontaktperson/telef.nr vert oppgjeve i ØyNytt, eller b) indirekte via medlem av diakoniutvalet. Vi ynskjer vidare gjennom ØyNytt å stimulera til auka bruk av Kirkens SOS og anna sjelesorg.

Ansvarleg: Diakoniarbeidar. Prest.

Aksjon: Meir informasjon angående det å miste et barn, oppleve abort i kyrkjeblad, informere om tilbud på kvinneklinikken samt til lege/helsestørkontor i Øygarden.

Naudhjelp og misjon

Kyrkjelydane har hatt årleg innsamlingsaksjon for Strømmestiftelsen i tilknytning til Konfirmantåret. Sokneråda har også inngått avtale om støtte til adopsjonsprosjekt; Blomvåg gjennom NLM og Hjelme gjennom Normisjon. Vidare har sokneråda avtale med Normisjon i høve til Malinkéarbeidet(fam. Haugstad Haugsjå) i Mali. Nært ligg og Normisjonsarbeidet mellom Kassonkéfolket(fam. Sanden) i same land, og arbeidet som Janesh Amanya står i i Kenya.(NLM)Med den urettvise fordelinga av verda sine ressursar, har alt dette vedvarande aktualitet. Vi ynskjer at dette arbeidet vert halde oppe og eventuelt vidareutvikla.

Ansvarleg: Soknerådet.

Aksjon: Direkte tilskot til f.eks misjonærane i Mali og Kenya. Følge opp med misjonsorganisasjonane. Kr 5000 x2

Haldningsskapande arbeid

Vi ynskjer å kunna ha temakveldar eit par gonger om året for å skapa auka diakonalt medvit og stimulera til at vi ser kvarandre som medmenneske i nærmiljøet.

Ansvarleg: Diakoniarbeidar.

Aksjon: 2 interne møte i Soknerådet pr. år angåande diakonalt arbeid.

Kontakt og fellesskap

Målsetjinga er å leggja til rette for små og store kristne fellesskap der alle menneske kan kjenna seg inkluderte.

Fellesskapssamlingar og undervisning

Dei siste åra har det vore arrangert Alphakurs og bibeltimar.

Vi ynskjer at slike samlingar som både tek vare på undervisninga og samstundes legg til rette for fellesskapet vert meir regelmessige enn i dag. Ungdoms-alpha? Alpha for dåps-og konfirmantforeldre? Kanskje kan slike tiltak få noko å seia for leiarrekuttering.

Ansvarleg: Soknerådet.

Aksjon: Bibeltimar (Som f.eks. på Erdal) Atle, Odd Normann, Svenn. Framlegg til tema:

- *Din menighet - et helbredende fellesskap*
- *Snakk til, ikke om hverandre - alternativ til baktalelse*
- *La oss heller oppmuntre hverandre*
- *Hvordan håndtere konflikter?*
- *Er det mulig å tilgi?*
- *Sett sunne grenser*
- *Fra generasjon til generasjon*
- *Sunt selvbilde*
- *Livsmot*
- *Å snakke om det ubehagelige*
- *Å ha ungdom i huset (passer særlig godt for konfirmantforeldre)*
- *Andre tema som tar opp dette med diakonalt ansvar relatert til Bibelen*

Andre felleskapssamlingar

Tidlegare har grupper i kyrkjelydane i forståing med sokneråda teke ansvar for samlingar (Lovsongssamlingar og Pris) med ein noko lausare struktur enn gudstenestene. Sokneråda har teke ansvar for 50-årskonfirmantfestar.

Vi ynskjer at slike felleskapsfremjande tiltak held fram.

Ansvarleg: Soknerådet.

Aksjon: Middag med kaffi etter ei Gudstjeneste pr.semester i kvart sokn.

Bibelgrupper

I dag finns det nokre bibel/cellegrupper. Desse har vore på økumenisk basis.

Vi ynskjer å stimulera til oppretting av fleire slike grupper m.a. ved å presentera gruppemateriell under kyrkjeaffi, og ved å invitera eksisterande bibelgrupper til å fortelja andre i kyrkjelyden om korleis dei arbeider.

Ansvarleg: Soknerådet.

Aksjon: Informasjon i ØyNytt og på gudstenestene. Faldar.

Kyrkjeaffi

I dag vert det arrangert kyrkjeaffi nokre gonger pr. semester.

Vi ynskjer at dette kan vera langt oftare, om lag ein gong i månaden i kvar av kyrkjene.

Ansvarleg: Soknerådet med oppstart umiddelbart.

Aksjon: Soknerådet ansvarsliste. Administrasjon Gudstenesteplan.

Kyrkjevertar

I dag er det i hovudsak soknerådsmedlemmene (faste og vara) som har denne tenesta.

Vi ynskjer å styrkja dette arbeidet ved at færre personar får ansvar for det.

Ansvarleg: Soknerådet med umiddelbar oppstart.

Aksjon: Soknerådet ansvarsliste. Administrasjon Gudstenesteplan.

Kyrkjeskyss

I dag har vi ingen ordning. Kven har dette behovet pr i dag.

Vi ynskjer at det vert eit tilbod om kyrkjeskyss i kvart av sokna.

Ansvarleg: Soknerådet.

Status: Her har vi ingen ordning pr i dag. Kven har dette behovet pr i dag?

Aksjon: Presten sjekker behov mot pensjonistlaget. Diakoniarbeidar informerer på eldretreff. Informasjon i ØyNytt og på gudstenestene.

Institusjonstenesta

I dag er det ein del tilkallingar til Tednebakkane(Her har vore ein naturleg kultur for å tilkalle presten i soknebod)og folk som bur heime. Prest og Diakoniarbeidar har nokre dei vitjar fast.

Soknepresten gjer teneste med regelmessige andaktar og gudstenester på Tednebakkane. Andaktar kvar 14.dag. 5 gudstenester inkl. Julaftan, 4 av dei har nattverd. Det var tidlegare gudsteneste før jul for Dagsenteret på Vik.

Kyrkjekontoret har peika ut personar som tek ansvar for å organisera andaktar ved lekfolk på TBOS.

Vi ynskjer at dette vert halde oppe også i framtida, og at nye andaktshaldarar vert rekruttert til denne tenesta etterkvart som det er trond for det. Likeeins at andaktshaldarar gjennom kurs/ temakveldar kan bli dyktiggjort til å møta ulike grupper institusjonsbebuarar på best mogelege måte.

Vi ynskjer også at det vert teke kontakt med pårørandegruppa (HVPU) og evt. andre grupper for å vera å jour med behovet til ei kvar tid, og at det vert gjeve tilbod om gudstenester i samsvar med behov.

Ansvarleg: Presten. Diakoniarbeidar. Administrasjon.

Kyrkjelydsturar

I dag har vi turar som til Pardalsmyra(Friluftsgudsteneste). Eldretreffa i nord og sør har sams tur kvart år. Desse må halda fram.

Vi ynskjer å oppretta felles turkomité for begge sokna. Denne får i oppgåve å leggja til rette for ulike turar i forlenging av gudstenestene.

Ansvarleg:Soknerådet.

Eldretreff

I dag er det månadlege eldretreff i begge kyrkjelydane med ein eigen komité i kvart nedsett på initiativ frå sokneråda som står for organiseringa av treffa; i Blomvåg sokn på Tednebakkane bu – og omsorgssenter(TBOS) ein torsdag i månaden, og i Hjelme sokn i Hjelme kyrkje ein torsdag i månaden.

Desse tiltaka er godt innarbeidde i begge sokna, med god oppslutning. Vi ynskjer at eldretreff kan halda fram som i dag, også med sams samlingar og turar, og at det vert rekruttert nye medarbeidrarar når det er trøng for det. Kan det opprettast eit Øygarden Diakonat i samarbeid med NLM?

Ansvarleg:Soknerådet. Diakoniarbeidar.

Innflyttarar og innvandrarar

Tidlegare har Hjelme sokn teke imot kyrkjeasylantar, jfr. det gamle kyrkjeasylinstituttet.

I dag har vi ikke organisert arbeid for å inkludere innflyttarar, innvandrarar og evt. asylantar i den kristne fellesskapen.

Vi ynskjer å stimulere til at dette kan skje. Men kan vi tilby asylantar tryggleik.
Ansvarleg:Soknerådet.

Forbørstenesta

I dag er denne organisert av sokneråda i begge sokna.

Dei siste par åra har ei gudsteneste i kvart sokn kvart år vore ei Forbørnsgudsteneste. (Sjá eigen liturgi.) Dei siste av desse har også gjeve høve til Salving under Forbøna.

Vi ynskjer at denne vert oppretthalden og at nye vert invitert til å gå inn i tenesta.
Ansvarleg: Soknerådet. Presten. Administrasjon: Liste.

Sjelesorg

Målsetjinga er å gje menneske i vanskelege livssituasjonar tilbod om samtale og fellesskap.

Sjelesorg, og -kurs

Presten har fokusert på sjelesorg, soknebod og sjukesalving i si teneste. Han har eit ønskje om at leke nattverdutdelarar kan bere sakramentet ut til døypte og truande som ikkje kan gå til gudsteneste verta inkludert i fellesskapen.

Det har vore noko organisert deltaking på kurs i sjelesorg på Sjelesorgsenteret Haraldsplass(SH) og Blom Bedehus. 2009 t.d. "Jesu møte med menneske." "Grenser og grensesetting."

Vi ynskjer at fleire frå kyrkjelyden kan ta del på slike kurs, t.d. ved SH, også at det vert arrangert fleire temakveldar i kyrkjelyden.

Ansvarleg: Diakoniarbeidar.

Aksjon: Oppmuntre folk til å ta kurs. Informere i ØyNytt og gudstenesta.

Sorggruppe

I dag er dette ikkje organisert hjå oss.

Vi ynskjer at dette kan koma i stand, både ved at menneske som slit med sorg finn saman med kvarandre, og at det vert gjeve tilbod i organiserte opplegg.

Ansvarleg: Diakoniarbeidar. Prest. Samarbeid med Kommunalt kriseteam(kor presten er med).

Helse og omsorgsarbeid

Målsetjinga er å sikra ein lav terskel mellom den offentlege helsetenesta og eit kyrkjeleg tilbod.

Kontakt med det offentlege.

I dag eksisterer slik kontakt mellom på den eine sida heimesjukepleie, psykiatritenesta, legevaktcentralen, institusjonane, og på den andre sida presten. Presten er med i det kommunale kriseteamet.

Vi ynskjer at kontakten vert styrkt og vidareutvikla, også med skulane om beredskapsplanar, D.S.Haraldsplass/Sunniva Hospice som har organisert opplegg for kontakt mellom sjukehus og kyrkjelydane.

Ansvarleg: Diakoniarbeidar. Prest. Samarbeid med Kommunalt kriseteam(kor presten er med).

Kontakt med dei store industriarbeidsplassane.

Det har vore god kontakt mellom på den eine sida t.d. Stura, Kollsnes, og presten og kyrkja. Presten er med i det kommunale kriseteamet.

Vi ynskjer at kontakten vert styrkt og vidareutvikla, også med vanlege industrivitjingar.

Ansvarleg: Kyrkjeverje. Diakoniarbeidar. Prest. Samarbeid med Kommunalt kriseteam(kor presten er med).

Kriseteamet.

I dag er presten med i det kommunale kriseteamet. Det er gjennomslag for at kyrkja gjev tilbod om å samle pårørande ved katastrofer på undervisningsrommet Rong Senter/Kyrkjekontoret.

Besøksteneste.

I dag har Diakoniarbeidaren teke til med å organisere dette etter tidlegare forsøk i 2002-2003. Samling for friviljuge medarbeidrarar i april 2009.

Vi ynskjer at dette kan skje, og har også sendt deltakarar til inspirasjonskurs på Haraldsplass.

Ansvarleg: Diakoniarbeidaren. Presten.

Aktivitet: Her har vi et tilbud men liten respons. Hva kan vi gjøre annerledes?

Aksjon:

- Finne navn på dei som har behov, administrasjon
- Ha dette som tema på temakvelder, sokneråd
- Oppfordre til at alle tar ansvar for diakoni i sitt nærmiljø, blant sine nærmeste, alle
- Opprette stilling som diakon i samarbeid med kommune ref forslag frå Biskop under Visitasen 2006. Fellesråd

Andre tiltak

Grendeutval

Tidlegare har diakoniutvalet arbeidd med planar for opprettning av desentraliserte utval som skal ivareta deler av den diakonale omsorga i sitt nærmiljø.

Vi ynskjer at slike tankar vert halde levande, og vonar dei også kan realiserast m.a. som ei frukt av kursverksemd, jfr. pkt 1.c.

Ymse innkjøp

Det vil stadig vera behov for å visa einskildmenneske omsorg i form av blomar, helsingar, bøker o.l.

Aksjon:

- Kva med å gje blome til båra til dei som fell frå. Administrasjon ser på kost for bårebukett m/helsing frå kyrkjelyden samt ca kost pr år.
- Bok til trøst til enkemann/enke. Samme praksis for alle som tilhører Hjelme sokn. Administrasjon finn aktuell bok og pris.

Folketalet i kyrkjelydane

Her følgjer statistisk materiale frå kyrkja sitt medlemsregister om kor mange born det til ei kvar tid er som vert omfatta av trusopplæringsplanen, samt materiale på forventa utvikling.

Her er ein oversikt laga i juni 2009:

	Blomvåg	Hjelme	Til
	sokn	sokn	saman
Eitt år (f 2008)	42	10	52
To år (f 2007)	35	6	41
Tre år (f 2006)	48	4	52
Fire år (f 2005)	50	12	62
Fem år (f 2004)	38	12	50
Seks år (f 2003)	38	14	52
Sju år (f 2002)	32	14	46